

GAULAR KOMMUNE

Teknisk Etat

6830 SANDE I SUNNFJORD

(6)

12.02.1981

REGULERINGSPLAN FOR HELLEBUST- NESET

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor dette området skal alle bygningar plasserast i slik minimumsfråstand frå veg som dei innteikna byggefråstandar viser.

§ 2 AREAL FOR BUSTADBYGG

a. Innanfor det regulerte bustadområdet kan det oppførast bustadhus i inntil $1\frac{1}{2}$ etasje med tilhøyrande garasjer.

I samsvar med byggeføresegnene kan bygningsrådet samtykke i at hus i ei høgd vert innreia med bustadrom på loft, og med bustadrom i underetasje dersom terrenget etter bygningsrådet sitt skyn høver for slik utnytting.

b. Den samla utnyttingsgrad av tomta må ikkje overstige 0,15.

c. Innan bustadområdet kan ein skilde rom utnyttast til lager eller mindre verkstadverksemd når det ikkje er til ulempe for grannar, og etter godkjenning av bygningsrådet.

d. På situasjonsplan som fylgjer søknaden til bygningsrådet skal garasjeplassering vere innteikna, sjølv om det ikkje er planlagt å føre opp garasje samstundes med bustadhuset. Garasje skal til vanleg plasserast i, eller som tillegg til bustadhuset.

Bygningsrådet kan godkjenne at garasje vert oppført som frittliggande bygning når tilhøva etter bygningsrådet sitt skyn ligg betre tilrette for ei slik løysing.

Utanom garasjeplassering skal det vere vist oppstillingsplass for ein bil på eigen grunn.

§ 3 FRIOMRÅDE

På arealet kan bygningsrådet samtykke i oppføring av mindre bygninger som har direkte tilknytning til utnytting av arealet som friområde.

§ 4 AREAL MED RASFÅRE

På arealet kan det ikke oppførast nokon form for bygningar eller anlegg.

§ 5 SAMS FØRESEGNER

- a. Når bygningsrådet handsamar søknader om byggeløyve skal rådet sjå til at busetnaden får ei god og harmonisk form både når det gjeld materialbruk og utforming av den einskilde bygninga. Fargen på hus skal godkjennast av bygningsrådet.
- b. Det skal ikke byggast på noko tomt før bygningsrådet har godkjent tomtedelinga i området.
- c. Bygningsrådet skal godkjenne utforming, høgde og farge på alle gjerder.
- d. All eksisterande vegetasjon bør bevarast best mogeleg, og ingen må plante tre eller buskar som etter bygningsrådet sitt skjønn kan vere sjeneliggjande for grannar eller gjenbuvarar, eller for den offentlege ferdsel.
- e. Alle avkøyrslar til offentlig veg skal vere oversiktlege og best mogeleg trafikk sikre.
- f. Der serlege grunnar talar for det kan bygningsrådet tillate unntak frå desse føresegnene, innanfor ramma av bygningslova og bygningsføresegnene.